



Olav Skotte

SELSKAPET

ÅRSHEFTE
2009

Etter at Olav Sletto sumaren 1911 hadde gifta seg med Karin Bryde, fekk dei nygifte ei tomt av bror til Karin, Johan Bryde, på Skjæret gard i Vollen i Asker. Der bygde dei huset "Vesleheimen", der dei flytta inn utpå sumaren 1912.

Den første boka Olav Sletto gav ut etter at var komen til Asker, var den vesle aforisme-samlinga "Smaaord" som han gav ut på eige forlag, Ringen forlag.

Fram til og med utgjevinga av "Millom eldar" i 1917 gav han ut bøkene sine på dette forlaget, og selde bøkene på foredragsferdene sine over heile Sør-Norge. I dei sju åra mellom 1910 og 1917 gjorde Olav Sletto ein stor og krevjande innsats for folkeopplysningsarbeidet, skriv Lars Reinton i "Ei bok om Olav Sletto".

Den vesle aforismesamlinga fekk god omtale. Einar Breidsvoll i avisa "Den 17de Mai" skreiv at dette var "de vakraste, formfinaste Sletto har skrivne. Språket har klang av ordmusikk, heile boki er høgtid og fest." Lars Reinton seier at både sett frå litteraturhistorisk synsstad og biografisk synsstad gjev Sletto i denne vesle boka mykje av eit forsvar for seg og det han no tenkte å slå inn på i si diktning. Han visste det ville krevja vilje og sjelsstyrke.

Seinare fekk Olav Sletto sanne sine ord i "Smaaord" at "det einmennet som er so serlaga og sjølvstendigt, at det hevjar sitt eige livsideal på tvert med tidi si, det... kjem i strid med samtidi."

I "Smaaord" finn me mykje av tankegodset som seinare vart førande for Olav Sletto si forfattergjerning. Me har difor vald å la Sletto-venene få del i desse etankane gjennom nytrykk av den vesle boka i dette årshäfte. 1912-utgåva av "Smaaord" er ikkje lenger lett å få tak i, difor vonar me at medlemene av Olav Sletto-selskapet kan ha glede av dette nytrykket.

Embrik Skøro, eller Fjellkall som han helst nemnde seg, var stor Sletto-ven og Sletto-kjennar. Då Olav Sletto hadde gjeve ut den tredje Olverboka, stilte Fjellkall spørsmålet

Burde 'kje «Småord» av Olav Sletto no snart koma ut att i ny utgåve? (Ein liten spurnad til dikteren sjølv – frå'n Fjellkall).

«Han Fjellkall, som truleg er ein av dei ivrigaste Sletto-dyrkarane her i øystre dalen av Hol – skal no ha det usagt om det var den gilde artikkelen av høgskulestyrar Fossgard i «Hallingdølen» no nyleg, der denne kjende ungdomsoppsedaren tek for seg skildringa frå tvo slags ungdomsmiljø i Sletto si siste Olverbok: «Upp bakke og ned dal» - eller om det er andre motiv som fær han til å retta ein spurnad til dikteren om det ikkje kunna tenkjast at det vesle skriftet han gav ut i ungdomen «Småord» let seg gjera å få ut att i ny utgåve.

Fossgard har visseleg rett i det han nemner av skildringa i Sletto si siste Olverbok, at her er høgskuleungdomen og dermed dei som gjorde opptaket til den frilynde ungdomsrørsla i våre fedrar og besteforeldre sine dagar – meisterleg godt skildra.

Han Fjellkall, som var so heppen å få boka til seg send som venehelsing med dedikasjon i slik som han har det med fleire av Sletto-bøkene – beinveges sendingar frå dikteren. «Upp bakke og ned dal» fekk han sendande trast boka var komen her noko utpå fjorhausten. So han har sakte hatt tid til å lesa ho – har kveikt seg med henne so mang ein kveld. No les han ho for tria gongen og kvar gong har han grave seg djupare ned i dyptene av skildringa og funne ymist nytt å gle seg i. Sletto-bøkene er no slik då at ein helst må ha dei for hand, so ein kan få høve til å lese dei oppatt og oppatt. Og alltid opnar det seg nye utsyn under lesnaden slik som berre dei store kunstnarane kan makta taka hugsyna inn.

Olav Sletto har ein ruvande produksjon bak seg no som diktar. Bøkene hans er mange og bindsterke og vilde nok fylle godt ut i bokreolane jamvel når det gjeld breidda, endå det har vel aldri vore det avgjerande for han med kvantumet. Det er kvaliteten av kunsta si han har sett seg som mål. Og her har han vel nådd lenger enn dei fleste. Både målet og kunsta hans er mønstergodt, so det er fåe eller ingen som kan gjera det etter.

Det er berre so ille at det er mange av Sletto-bøkene som er heilt utselde frå bokhandelen, so vel som frå forlaga. Jamvel i antikvarbokbuene er dei sers vanskelege å få tak i.

Dette gjeld kanskje i serleg mun ungdomsarbeide hans. Eit lite skrift som han kalla «Småord» og som kom ut fyrste gongen i 1912. Sletto var vel då ein ungdom på 25 – 26 år, men det er sers mogne tankar kring mannahug og livsovring hjå ein undrande ungdom, som vert målbore i dette vesle skriftet. Han Fjellkall kan og hugsa at høgskulestyrar Olav Langeland på Heimtun nytta «Småord» både under andaktene og i religionstimane i den tida han gjekk der i 1915-1916. Og mange både unge og eldre har funne trøyst og rettleiing i livsens vondaste spørsmål gjennom det vesle kravlause skriftet.

Det kom nok i eit av desse åra, anten i 1915 hell 1916 ut att i ny utgåve. Og ein av fyrste vårane Sletto hadde vore lærar på Heimtun spandera han raust ut ein slump «Småord» på elevflokk, so kvar fekk eit næme av skriftet. Ei gjævare venehelsing frå høgskulevetteren kunna dei vel vanskeleg få. Han Fjellkall vart ved eit lite restopplag, som han diverre på eikor vis har forlagt for seg, om han ikkje nett har rive det bort under den mannsalder-lange tida sidan han var på Heimtun, so har han ikkje til dessar greidd å snusa dei opp att. So då ein god gamal heimtuning og ven her om dagen spurde han om han kunna få tak i eller på raskaloftet sitt eige snusa opp eit næme av skriftet – var han so heppen å ha eit gamalt falma eit i bokhylla si av fyrsteutgåva frå 1912. Ringen forlag, som då var den bokreidarsamanslutnaden der so mange små målskrifter kom ut førenn Olaf Norli tok seg av den nynorske bokavlen, og Sletto sidan har gjeve alle bøkene sine hjå. Med dette til sist ein spurnad til Olav Sletto sjølv: Skul' det ikkje vera råd å få ut att «Småord» no snart i ny utgåve?

Det er visseleg fleire millom Sletto-venene og andre og som ville tykkje dette vore gildt, enn nett han

gamle Fjellkall»

No, meir enn 50 år etter, tek me Fjellkall på ordet og trykkjer «Smaaord» slik Ringen forlag (Sletto sitt eige) gav ut boka i 1912:

Olav Slette:

Smaaord.

Kristiania 1912 - Ringen forlag.

Innstig.

Skrifterne er so mange i vaare stunder, at eg finn det best aa skriva stutt, so kannhende at sume hev tid til å høyra eit par ord fyrr dei fell til jord. Og det er litevetta eg vil ha sagt.

Me liver i ei sovori tid, at kravet etter materielt velvære er høgast uppe av alt. Me er kav mareridne av pengeaanden, og tidsbolken vaar hev i alt for mykje vorte uvand og raa av ubljug havandsykja. Dette gaar ogso att i kunst og digtning, i vitskap og i forkynningi av vaar gudstru.

Men det tær òg, at vaar tid eig stille, djupe sjælekrav. Men desse kravi er no soleis klemde og tyngde av pengejaget og materialismen, at det tidt vert til ei skakk-vikt traa utyver jordrunden, og heilt inn dit, der alt er berre aand. Det ber fraa den eine utkanten til hin. Det ber fraa den amerikanske mammondyrking, den parisiske lett-moral paa eine sida, og til lesarskapen paa den andre – eller for sume til Swedenborgs helvite og himmel.

Eg høyrer no til deim, som finn seg misnøgde med det, at me berre skal gaa i utkantarne. Me vil ha heile stròket, so som det vart mannen gjeve. For me traar etter det heile og fullkomne menneskeliv.

Og alle oss som traar etter dette same, lat oss kjenna oss meir sambundne – som ein liten stridande kyrkjelyd, og tala manande og styrkjande til kvarandre.

Me veit at klaarskap, venleik og visdom er livsens dyraste dyrder fraa gamalt av. Dette er den kostesame perleskatten. Med desse tri eignar fylgjer den store godleik, som femner verdi og alt som er skapt. Og ein mannahug som vidkar seg dertil, at han femner verdi og alt det skapte – eller so mykje som han kann vinna av det – han er rik, og magtfull og lukkeleg.

Magtkjensla og lukkekjensla av dette slaget er det me vil vinna i livet, og det tvert imot materialismen og havandsykja i vaar samtid.

I. Spursmaalet.

Det var han haugianaren, dei kalla honom Mikkel Brukaren. I lag og lynde trur eg plent at han maatte likna den greske vismannen Sokrates.

Eg møtte honom eingong paa ein veg. Gamlingen stansa, og helsa i handi.

”Gu’dag, du er ute og raggar.”

Ja, eg var daa det.

Han stod og saag meg inn i andlitet.

”Du er ung, men liver du, meiner du?” sa han.

Jau, visst livde eg vel.

”Men liver du?” spurde han atter.

Han saag meg liksom for langt inn i augo, kjende eg, og stirde til leds.

”Liver du, vil du segja?” sa han atter.

Daa braaskyna eg kva det var gamlingen meinte, og eg raudna og tagde, for eg kunde ikkje svara honom.

Han slo meg berre lett paa oksli, og gjekk lenger. Han var nøgd med det svaret eg hadde gjeve. —

No sender eg hans spursmaal yver til deg.

Du er ung, men liver du, vil du segja?

II. Eit ord um livet.

Ditt vesle liv tek til i vogga, og endar i kista.

Det varer so paa lag otti aar.

Det gror paa ein grunn du ingen kjennskap hev til, og det gaar attende til ein stad, som du ikkje maa eiga retteleg kunnskap um.

Det stig or det ævige, og atter søkk det i det ævige. Som klaven spenner um strengjerne paa den gamle harpa, soleis femner æva um vaart menneskeliv.

Men det store heimslivet som ditt vesle liv er lagt nær, det kann du gjerne likna med ei kjelda, som dag og natt fløder av styrkesafter.

Eller du kann likna det med ei storelv, som du maa styra baaten din nedetter. Du kann taka flaumdraget til hjelp, er du sterk nok til det, og du

kann daa lettvint staka baaten din fram mot maalet. Men er du for veik, so kvervlar elvi deg rundt, og straum-idorne dreg deg under.- Livet er eit sovore drag av tusund krefter, som du anten evlar, eller ikkje evlar. Det gjer deg anten til krypling eller herre; det let deg sigra eller falla etter si egi lov.

Og livet syner mange andlit. Det er tungt, og det er lett. Det kann vera einfeltt og klaart – ein tykkjest sjaa likso lett botnen i det, som i vesle aa-vekkja ein ser steingrunnen ho renn yver. Men det kann og vera løynt og døkt og stengt – so det er som du stirde nedi svartdjupet paa ein still fjord.

Du møter livet i mange likjen. Du møter det som kraft, som daad, som tanke, som mod, og som varme og godleik. Alltid verksamt.

Det er til aa finna paa alle vegamot, men du kann aldri læra det aa kjenna fyrr du sjølv hev livt det.

III.

Hugen vaar.

Hugen vaar er meir som frivæpnaren i gamle dagar. Han er som honom vidfaren, men og tidt som honom villfaren. Han tener gjerne store hovdingar, men i lengere tid kann han berre faa seg til aa tena den største og ordgjetnaste. Og straks han ikkje vil vera bunden, so vandrar han; og han drikk tyrst av alle oppkomor attmed vegen, og han sit til bords i alle skjenkehus, og paa timen han vel er kveikt, traar han etter ny kveiking.

Men fyrst og sist er ein menneskehug vår, og næm, og yverlag kløkk. Og han skifter ljod og daam alt etter vèret, liksom fela. Det er difor du er so underleg i deg sjølv. Um vaaren syng du, um sumaren gled du deg og arbeider, radt hausten kjem kjenner du agg av dauden, og vintertidi stierer du inn i elden og tenkjer. Du er so mangelund. Er det ikkje so at du lær med den glade, grundar med den tenksame, og græt med den sorgfulle?

Jau, soleis er menneskjet.

Men andaa hugen din er so vidsveimnd, skal du likevel tøyma honom. Det er eit krav til deg.

Endaa du hev mange strengjer i ditt indre, skal du meistra alle tonefall, og harmonien er den høgd du skal naa.

Um du fekk ein hug som skipar seg mest *for* lett etter andre, endaa skal du vera noko so sjølveige, at ein kann kjenna deg att millom alle verdsens millionar sjæler.

Slik lyder kravet til deg, fyrst du hev naatt mogen alder.

Du skal samla deg, og veksa, og staa som ein heilbygd karakter. Fast som malmen, fjørug som staalet, samstundes linn og våk som vakset, og livande og dirrande som ein sylvkvint. Med desse eigenskapar jamspelte er eit menneskje fullbore.

Med desse eigenskapar kann du slaa deg ut til so frisk og fager ei aand, at du formar og skapar i andre. Og det er dette me skal.

Men kva er det som mest alle i denne vaar andslopne tid maa anka yver?

Jau, dei klagar soleis:

”Kvi naadde eg i livet so mykje mindre enn eg hadde vona?

Naar eg ser attende – vegen eg hev fare er som ein voll med mange lik. Det er liki av mine draumar, og det er daadsverk eg tok paa med, men som vart berre tilspranget av di eg var stundeslaus og fullførde deim ikkje.

Og alle serdrag som eingong teikna seg i mitt aasyn, deim hev mengdi stroke ut, no skil eg ikkje mitt eige andlit fraa fjølden”.

Men so maa dei sanna, og svara:

”Eg let tidsjaget hugspreida meg, det var mistaket. Eg tugta aldri evnorne mine i hop til eit einaste kraftdrag, og eg var aldri trufast mot arbeidsplanarne mine – eller livssynet mitt – og so magta eg heller aldri aa lyfta ei heil livsuppgaava. Og so vann eg heller aldri aa verta det heilvaksne sjølvmenne, som sigra med mitt”.

Nei, dei hadde berre late hugen fare vida.

IV. Høgbilætet.

Det du held kjært, vert du sjølv lik. Elsk det storlagde og gode, og det høgnar hugen og gjer deg god. Søk det laake, og du vert laak.

Men det du elsker og traar imot, det liksom ser du manande og dragande framfyre deg. Det staar der som eit høgbilæte eller ideal, og det fær magt yver deg.

Høgbilætet vert skapt av trongi i ditt indre, og eig tidast ogso ein snev av trongi i den tid du liver.

Høgbilætet er for deg i ditt liv, det same som fyrblinket er for siglaren, naar han styrer millom skjer stormnatti ute paa fjorden. Det vinkar deg trygt gjennom "sturm und drang" – anten inn til hamni, eller ut paa dei frie farvatni.

Men hertil kjem, at høgbilætet er for mannen noko meir enn fyrblinket for siglaren. Idealet som kveikjer ljøske der framme, det er ein skapnad av vaar eige lengt, og me er lekkja fast til det med usynlege traadar. Det segjer oss ikkje einast leidi me maa fara, men er òg noko av børi, det dreg oss til med underlege krefter, og er som sjølv magnetberget i eventyret.

Du vert til det dine høgbilæte manar deg.

Men medskapar av det høgbilæte du ber i ditt eige hjarta – medskapar er dei ideal, som sjølv tidi du liver i hev laga seg.

Og vil du nokon gong læra deg sjølv aa kjenna, so maa du fyrst sjaa klaart ditt eige og tidsens høgbilæte, og tyda det høve dei staar i til kvarandre. Og daa gjev du gaum paa, at du er sterk og sjølvstendig um ditt høgbilæte ber svip av deg sjølv, meir enn av tidi. Og du røk i straumen, um ditt livsideal er dette vanlege dagsidealet samtidi hev paa mote.- Du fær sjaa at berre faae av dine kjenningar og vener er sjølvstendige og sterke, anna dei flyt som bordfjøl med bylgjedraget i tidi. Og paa resten segjer du din eigen dom. Du segjer, at tidsens høgbilæte er høg bore eller smaalagt, godt eller vondt, fagert eller heskjelegt. Og du avgjer med deg sjølv, anten du vil fylgja tidsdraget eller gjera oppreist.

Det einmennet som er so serlaga og sjølvstendig, at det hevjar sitt eige livsideal paa tvert med tidi sitt, det eig høgare sjæletraa enn samtidi, og kjem i strid med samtidi. Er det no sterkt nok, og gaaverikt nok, so vert det paa ei eller onnor vis ein forkynnar av sitt livsideal for brør – og kjem med det nye, det frigjerande og signande. Eit sovore menneskje er av same slaget som ein Goethe, eller Tolstoy, eller Carlyle, eller Nietzsche, eller Lutter, eller Hans Nielsen Hauge, eller Jøhan Sverdrup, eller Ivar Aasen eller Garborg, eller Bjørnsson. Han er ein av desse store ideal-skaparar, han er ein av desse store ytarar.

Men noko av denne arti skulde me alle vera. Me skulde teikna dei manande høgbilæte for oss sjølv og vaare brør. For det er torv til. Det er ein heil fjølde menneskje attmed oss, som er tome i skolten og kjenslefatige i bringa, og er heilt utanum det aandsliv dei vakne er med i. Men mange av deim kom lett med i samlivet med oss. Me maa berre rita

høgbilæte for deim, som dei fatar og vert tekne av – so hev me dei straks i baktroppen.

Og folkelivet vert til det, som tidsens høgbilæte manar.

Men tidsens høgbilæte, dei maa kvar dag verta lagt under ny dom.

Ingen skulde vel ha sovoren givnad til aa døma tidsens ideal – eller til aa teikna høgbilæte for eigi samtid, og dermed lyfta eigi samtid, som diktarane og kunstnarane. Ingen hev heller slik rikdom aa ausa av som deim, for dei er sette til offerprestar i heilagdomen aat sjølve venleiken. Heller ingen hev fenge so beinveges serkall til aa øva denne gjerning som deim. Men heller ingen svik oss meir daatteleg enn desse utvalde. Det er reint faae som talar til vaar reinaste og mandigaste traa og evna, dei fleste lagar høgbilæte for lysti – etter reglarne for hundekunster. Og samstundes hev dei flutt fraa helgedomen og til kaféen, for dei trivst best paa den sistnemnde staden.

Nei, du fær brote dine voner paa den kanten. Men du fær ogso vonspilla um du stirer til prestekanten.

Prestarne hev stor gjerning og stort ansvar millom oss. Noko av deira kall er ogso det til aa reisa livsideal for folket. Men dei teiknar berre umatt eit nittan hundra-aar gamalt høgbilæte, og teiknar burt magti og veldet som fangar og frelser, for dei hev ikkje bringemaat stort nok, og dei gjennomlivde ingenting den gongen dei gjekk i høyresalarne.

Men gjev aatgaum paa tidi! Her straalar tri ideal med yverlag glans, so folk galnar seg av eldhug. Dalaren er eit livsideal, den nakne kvinna eit anna, og magtstolen det tridje.. Desse høgbilæte manar so sterkt i vaare dagar, at annkvar mann vert trøtt vanhelsa i stormfløget.

Menneskjehjarto gaar til tjons i dette blinde jag etter falske høgbilæte. Dei sel sin adel, og fær oppglødd girhug i byte. Einast krafti er vyrd, einast mynten er Gud, men godleiken er gløymd – dermed hev me raaskapen i høgsætet og rundt heile bordet.

Du fær liten hjelp til aa reisa ideal som lyfter deg. Berg deg sjølv daa so godt du kann. Lat di innarste og beste trong teikna høgbilætet, som skal leida deg.

V. Tevling og kappestrid.

Heng paa, vil du vera med, lydde det gamle ordtaket. Det var so godmylt sagt, og hjelpesamt. Men no er det longe vorte for gamalt.

Kyl paa, og tak fyremonen fortast du kann! – høyrer du no. Det er ikkje nok aa hanga paa berre, du maa vera fremst – du maa helst ha ei mælingslengd framum hine, det fær kosta kva det kosta vil.

Og folk lyder, og kyler paa kvar i sin stad – fram vil dei. Den som ikkje eig kraft kann knep, og den som ikkje yvervinn sin motmann kann slaa honom i hel, for evlar han berre halda fyrespranget, so er det ingen som kannar hans laster.

Her er kome ei tevling yver all maate, paa alle leider, og millom alle, - ikkje den minste, eller det minste slepp undan.'

Her er paa kniven. – Alle vil vinna mest mogerleg fritid kvar for seg. Kven likar ikkje lite arbeid, og mykje sjølvgonga?

Det er ei tevling aa ha den dyraste duk, den lekraste mat, den finaste vin, og dei gjævaste klædi.

Det er ei stanging um den venaste kvinna.

Det er ei kapping um lærdom ein aldri fær bruk for.

Og slagsmaal um daningi. Og stor krig um pengarne; men ingen er lenger rik, som ikkje hev millionen full.

Her er tevling i aa vera morosam, og tevling i aa vera aalvorsam, kapping i aa banna, og kapping i aa beda.

Eit sant helvites fløg og jag baade høgt og laagt.

Og den som vinn paa skeidet, han vert nemnt: Stormeistar. Det han hev synda vert aldri gjete.

I det heile treng ingen hugsa misgjerningar i vaare dagar, av di tevlingi er so yver all maate fri. Fals kann kyssa fusk; uærlegskapen fær slaa nye røter i fred; lygni tarv ikkje daska seg sjølv paa munnen, for sanningi er dauv og hev mista mælet. Dermed er det godt samvit yver heile lina, og jamvel i aa læ høgt so kappast folket.

Men no er det sume daa likevel, som ikkje kann tegja lenger med det at tevlingi tek til aa bera faarlege frugter.

Kappestriden millom landi um magti og rikdomen, den legg paa oss rustningsbyrdone, og byrdor av hat og fiendeplanar.

Kappet paa arbeidsmarknaden lagar stordrifti, og medan stordrifti aukar, menneskjeverdet minkar.

Tevlingi jagar handelslivet ut i reine vaagespelet – ut i lygn og strik, ut i trustar, serrettar, og hardveldige pengesamlag.

Tevlingi gjev skufsen til heile denne materielle framstigsskrida i vaare dagar, som gravlegg so mykje godt for oss.

Tevlingi i kunst, diktning og politikk vekker dette avskræmelege originalitetsjaget, og dette raae reklameskraalet. Det maa hyl til no – skrik, humbug og store lysingar for den som vil verta høyrd, set og fornomen. Det spørst ikkje etter verd, eller aand, eller finleik. Den stille, faste, ærlege røyst høyrer ingen. Det stolte og magtfulle sjølvmenne som ikkje vil eller kann skapa seg, honom gaumer ingen etter. Men so gaar tidi ogso glipp av sine beste og finaste gjevnader. Og tidi vert uvand istadenfor fin, av same grunnen.

Ein annan ting er det, at folk i det store og breide – i denne tevlingstidi – misser evna til aa vera takksame og nøgde med tilværet. Dei grælar paa sin lagnad som til ein sein og slampen oppvartar: Lang meg hit njotingi, og det straks! –

I denne trolldansen skal du staa fast, ikkje skal du la deg riva med, men heller ikkje la nokon trø deg ned. Midt i denne brosa skal du sjaa til aa vinna den stille vokster og mogning, og søkja skatten som varer, og ikkje lata røysterne vill-leida.

Det er yverlag vandsamt for deg.

VI.

Pavelysti.

Naar du hev livsmaalet sett, og ditt høgbiåte lyser for deg, og du kjenner fullvel at du hev fenge noko sjølveige aa bera fram, so tek du ut paa livsens langferd. Det vil no atter segja, at du tek til aa arbeida deg frametter, og du brukar din beste vilje. Og for kvart minste du vinn eller finn, kjem du i undring og gleda.

Men so er det, at du møter den fyrste s t o r e f a a r e n.

Som du starvar bakke upp og bakke ned, vert du med ein gong vår ein staseleg lærestol attmed vegen, og ein liten mann staar der og talar til ei forsamling av unge menn, og av graahærde gamlingar.

Han vinkar til deg, og talar til deg.

”Eg er ein av autoritetarne eller pavarne her paa denne vegen du hev valt deg. Du kann ikkje koma framum meg, fyrr me hev talast med”, segjer han.

Men so klappar han deg paa oksli, og smiler til deg og er gild. For han er naar alt kjem til alt – berre eit faafengjelegt menneskje, som vil ha magt yver andre, og han vandar ikkje smaaknep.

”Eg kjenner deg”, segjer paven, og det tykkjer du vel um aa høyra.

”Eg hev lagt merke til alt du hev gjort. Det lovar godt, men –”.

Og her tek han til aa gjeva deg tusund vink, og hundra raad, og tylvtevis av rettleidingar. Han er alt, og du er ingenting. Han eltar deg i handi si som var du ein annan deig.

Di evna ligg i ei heilt onnor leid enn du sjølv trur, lét han deg skyna. Heile ditt arbeid maa du taka annleis. Det maal du hev sett deg – ja han syner deg, at det er berre fødd av ungdoms draumhug, og fører til vonbrøt. Og kvifor gaa inn i vonbrøtet unge mann? Det du tykkjer er stort og godt, det er ikkje stort og godt i røyndom, kann han fortelja deg. Tankarne dine kann vera nye og friske, men han kann ikkje forstaa at dei er høvelege og rette. Det du vil er vel nok, men du er for modig. Han gjer det klaart for deg, at du gjorde best, um du sigla under merket til ein eldre endaa ei tid – gjekk i tenesta hjaa ein av pavarne. Han for sin part kunde vera viljug til aa setja sitt stempel paa deg. –

Slik talar paven til d e g , som han hev gjort det til sneisevis andre. Det er hans livebrød aa draga deim til sine læresveinar alle unge som vil noko. Dinæst plukkar han deim for alt det sjølveigne dei hev fenge i voggegaava.

Han svallar deg heilt rundt, og so lét han deg gaa. Men han bed deg koma att, skulde det vera noko du vilde ha hans hjelp i.

Du hev vorte heilt fortumla i hovudet av all denne røda, du kann heiltupp ikkje gaa fast lenger, du sleng.

Og du kjem i krig med deg sjølv innbyrdes. Ryggen og føterne og magen vil gaa i brød hjaa paven paa lærestolen, men panna, brjostkvelvet og hjarta vil fram etter den vegen du eingong valde deg.

Rett som du soleis slæst med motsegjande tånkar og lyster, so hev du naatt fram til ein ny pave, som staar paa lærestol. Han er ogso eit stakars faafengjelgt menneskje, som vil vera stor yver alle andre. Han vinkar deg nær.

Han veit at du hev tala med ein annan pave fyrr, og so er han streng mot deg. Hans raad gaar beint imot det som den fyrste sa deg, og hans lærdoms ljøs er eit heilt anna. Og han kallar den fyrste paven for ein fuskar, som ingen burde tru. Til slutt vil han gjerne laana deg flagget sitt, og bed deg koma att.

Du driv frametterc vegjerne, men ingenting er som det upphavlegt var. Styrken din hev du tapt, og no er tvilen paa deg sjølv kome til. Du veit ikkje lenger klaar skilnad paa nord og sør.

Men fyrr du meir gaumar etter det, staar du atter framfor ein ny pave – det er den tridje. Han fortel deg, at ingen er pave utan honom. Dei andre som vil vera pavar, er farkar og snytarar som skulde ha pryl istadenfor løn.

Men dette bergar deg, du tek til aa tenkja. Det skrimslar fyre deg, at det er menneskjens trong og lyst at dei vil spela herrar yver kvarandre. Kvar vil vera den øvste, kvar vil fritt trampa aakeren hjaa næsten. Kvar vil at andre skal kyssa honom paa handi, og kvar vil sjaa sitt eige merke yver alt og alle.

Og det ogso skynar du no, at han som skal gaa sterk og stor gjennom verdi, han maa skubba av seg alle pavarne – og alle deira raader, som lett skulde ha forkvakla honom, og all deira aand, som straks skulde gjort honom liten og underlegen. Han som hev noko sjølveige aa bera fram – han maa gaa skjott den beinaste vegen, liksom han har ei brennande glo i løven.

Er du no komen fram til desse tankarne, vert du djerv og sterk som fyrr, og ingen pave eig magt yver deg meir. Du veks for di gjerning med kvar dagen.

Men du maa finna deg i at pavarne freistar aa dengja deg. Det høyrer til.

Men just no naar du er komen i ditt liv so langt som hit, so møter du ein ny s t o r f a a r e, som gjerne vilde gløypa deg. Han kjem som eit krav i deg sjølv etter aa vera pave. Det er eit krav, at du skal vera pave yver dei andre pavarne, som du vanvyrder – at du skal vera yverpave. Du skal staa einsam og lysa paa magtstolen, og du aaleine skal faa eiga Sante-Per sine lyklar, og læsa eller opna dørerne for dei andre som du sjølv lystar.

Gjev du etter for denne pavehugen, so tek du dermed mergen og magti utav ditt eige liv.

Og soleis maa du ikkje søkja etter aa vera den fyrste, men den beste. Fyrst maa du vinna yver pavehugen hjaa andre som du møter, dinæst døyva pavehug som kann reisa hovudet i deg sjølv.

VII. Han som øvde verket.

Stundom var han alen i rikmannsheimen; men det gav honom i grunnen liten hjelp.

Tidast var han boren under laagte tekkje. Paa bondejord sprang han sin barnedans, og i avdalen vaks han upp.

Det var under sperretaket han lærde aa drøyma og tegja.

Fyrr han kom ut, og vert berande kraft – det kunde vera i diktning, i riksstellet, i kyrkja eller vitskapen, fyrr han kom ut, var han gjerne spelemann, eller rosemaalar, eller sylvsmed, eller rokkesvarvar, fiskar, jordbrukar o. s. fr. Ofte kom han seint ut. Men daa han endeleg kom, var han som ein oppdemd innlandsfjord – han var berre tanke og vilje og daadskraft heile mannen.

Han som øvde verket var jamnan still i sin gang. Han steig varlegt endaatil paa avraksdungen, kven kunde vita um ikkje bõset løynde perlor? Men alltid var han fast.

Han fyrebudde seg til sitt arbeid heile livet igjenom, og aldri vart han ferdig.

Han gjekk jamt som han leitte etter noko – han gjekk stødt som han lydde.

Han dana si sjæl, so ho vart vonrik som ei upp-pløgt ækra naar svartmylda er djup. I honom kunde magterna saa. Han var hungrig og tyrstande, og drakk doggi der ho fall. Hjaa honom kunde hausten krevja mange fald.

Og han var langmodig.

Og han vilde gjeva, for han hadde ofra seg; paa det viset kom aldri hans eige menneskje i vegen for honom.

Han vilde ikkje liva sitt liv attmed festlegt bord, men han vilde liva i sine gjerningar.

Han visste at dygd kjem av duga.

Han let seg ikkje daara av lysti, men han let seg heller ikkje fanga eller binda av nokor uheppa.

Falske ljoskar synkvervde honom aldri.

Usanningi fekk ikkje eingong kika inn gjennom hans vindaugsglugg.

Han var trufast.

Han tilskreiv seg sjølv ingi æra, men i djupaste lynde var han takksam.

Han trudde paa ei høgre magt, og han trudde at han var i hennar vald, men han trudde ogso at den store viljen utanum berre var god.

Dermed so lærde han visdom av motgang.

Kvar gongen han stod framfor vande spursmaal, dømde han einast ut fraa sitt eige skyn. Og han leit paa si evna til aa døma rett, av di han visste at hans sjæl traadde etter reinleik og fullending. Men der hans vit eller klaarskap ikkje rakk til, der tala ei løynleg røyst i honom, og leidde honom yver alle avgrunnsgil. Soleis fann han vegjer og bruer, der me andre einast ser villurd og ufs. Dette er det trolske og underlege i hans natur, som me aldri fær klarlagt.

Og stundom – ingen visste anna enn at han stod midt i kvardagen, men daa stod han paa berget som Moses, og saag landet der framme, det som ingen annan i hans samtid kunde faa sjaa.

Mykje tyder paa, at han alt fraa yngdi hev halde eit eller anna stort menneskeliv fram for seg som ein spegel. So freista han aa dana seg etter fyrebilætet, og gjekk lydugt vegen fram. Det gjorde honom sterk og trygg.

Av di hans eigi ætt sjeldan visste kven han var, men helst pinte og spotta honom, so bar han eit sorgfullt drag um munnen – men vonglimt i auga.

Naar han so var daaen, gjekk etterslegterne til hans grav, og signa hans minne.

Verket var øvt.

VIII.

Djupe røter.

Du er ei menneskjeplanta.

Men um du retter deg høgt i veret, og tøygjer armar og kvister vidt ut, og staar med rikt bladverk – roti du sjølv hev vakse av, det er ætti. Av ættestuven syg du krafti og saven, fraa roti skyl hugdragsbaarorne upp i deg, og dine eigenskapar nører seg i den grunnen du staar paa.

Mang ein klagar, at det er einsamt i verdi; og mange er ottesame for livet, og kann aldri finna rotfeste nokon stad.

Men vekte ein ættekjensla i deim, var dei berga. Dei fekk kjenna daa, at dei stod i stort samlag, og at slegtsvetti fylgjer deim. Og dei vart rike og fullvaksne, for den som liver med eigi ætt i notid og fyrrtid, han fær dermed evna til aa liva i hop med landslyden, og kann kjenna

folkelagnaden og folkevonerne. Her hev han for ollo ei opi kjelda av fin gleda og høg harm. Det vil segja at han er kome inn i det rette samhøve med livet, han hev lært seg sjølv og sitt aa kjenna.

Røk etter ditt eige opphav! – so lyder svaret, naar du grunar yver lagnaden og hendingarne i livet, som du ikkje forstaar.

Vert vel kjend med deg sjølv, lyder det. For du er bunden av band som du ikkje ser. Dine gjerningar hev røterne i det umedvitne, og din karakter er underbygt av dine feder.

Det er so mykje fjellgøymt i kvart det menneskje, at ein maa liva djupt, og minera seg inn i sitt eige indre, u mein nokon gong skal heita fullvaksen og klar.

Skal ein magta livet, er det so til, at ein sumtid tarv liksom mæla styrken i si eige evna. Men daa er slegtkunnskapen best aa hava, so kann ein spyrja og faa svar.

Hev desse evnorne eg eig – hev dei vore framme fyrr i folkeslaget mitt?

Kva gjorde dei ut av seg den tid?

Er det ein oppdyrka gjevna eg hev teke i arv?

Eller er noko nytt vakna i meg?

Er min gjevna noko av ei naturmagt – noko av ein løynd vilje, som driv meg – eller hev eg berre fanga dei hugmaali som er paa moten i mi tid? – og eg veit ikkje kor eg sjølv ferdast?

Ja, vil ein læra aa verdsetja seg rett, so er slegtkunnskapen best aa hava.

Og skal ein kunna strida mot seg sjølv paa rette maaten – og det maa ein, vil ein magta aa lyfta ei livsgjerning – so gaa atter til ætti, og gjev gaum etter det vonde og gode der. Du finn snart kva det er du maa vatna, og kva det er du maa riva.

Vil du skyna heilt dine hugdrag, daa tak med, at der er band millom deg og det stykke natur der federne dine hev livt – dei livsvanar og det livsyrkje dei hadde. Alle store hende, som eingong kann ha vekt skjelving av ræddhug eller siger i ætti – det ber ogso du merke av.

Sjaa den store livssamanheng du er sett i, og din indre tone skal verta rein og sterk og sann.

IX. Vanmod.

Vare deg for vanmodet.

Du møter det i kvart vegskil, og mest kven du talar med er jaga av det. Det er trolsk av hug-gjerd, og ter seg fram paa so ymse skaplund.

Det kann gjera seg um til ein taggut drake, som ringlar seg kring viljerøterne dine, og kvæver alt tiltak.

Rett som du gaar vegen din fram, vert du vår at det byggjer seg ein stengd jarnport tvert yver vegen. Daa er det hugløysa som er ute. Og du maa snu beint attende, for du kjem ikkje lenger.

Andre tider gaar modløysa som ei farsott fraa gard til gard. Den som er fengd fær desse merke: Henderne visnar magtlause, hovudet kjennest tungt, og andlitet grimar seg myrkt og ufagert. Det tærer paa sjølv livet som rustbrand i ein byggaaker. – Og skal ein tru den gamle grækaren Hippokrates, so er alle dei sjukdomar verst, som skjemmer andlitet. Og daa er vanmod tett paa den faarlegaste sotti, av di ingenting øydelegg verre vene andlitsdrag, enn vanmod.

Vanmodet hev sin fyrste aarsak i det, at du vyrder vel mykje andre folks dom um deg; og sin andre grunn i livsens motgang.

Men kvifor ørvonast for motgang skuld? – det som er eit sams kaar for alle menneskje.

Den mann hev aldri livt, som ikkje rekna miss mang ein gong, og fekk vonbrøt i løn.

Alle som hev livt eit heilt menneskeliv, meir enn ei stund vandra dei med blod i skorne.

Og du er ikkje so aaleine, som du trur, men i stor forsamling, naar du tenkjer yver det du daglegt lid:

Vener svik deg.

Det du eingong trudde var reint gull, det saag du seinare var berre forgylling.

Vindmakarar og snikjarar kjem fram i glansen og æra, medan den store og dugande vert gløymt i kraai.

Du fær røyna, at det er den hepne fleskehandlaren Georgius som vert bisp, det er han som lyser Atanasius i bann – og det er fleskehandlaren folket sidan held for eit stort heilagmenne. For ære vere hans pengar! Her som jamnast: Naar den raae magti gjeng framum, daa sleikjer hopen vegjerne.

Det er paa himmelkvelven ein maa leita etter stjernebilæte. Men daglegt fær du sjaa, at folket granskar dyrefår i kvar ein sølepytt, og trur det er stjernerader.

Ikkje kann du vera glad ved det du ser, men tru heller ikkje hugfallen, at den som ber dei fagre høgbilæte i denne verdi, tru ikkje at han strid likso ganglaust, som Sisufos – han rullar med steinen.

Hald hugen ljøs, og søk stilt etter det fullkomne, men mismæt det tome skin. Dermed byggjer du ein grunnvoll i deg sjølv, og du tarv ikkje lenger vera træl under folks faamne umdøme.

Naar motgangen kjem med neveslag etter neveslag, so du tumlar der du staar, og bognar i bakken paa resten, legg deg daa for all tingen ikkje flat paa magen, so vanheppa skal spennast deg i hovudet. Ver som staalfjori og sprett uppatt, og strid som Jakob, for herren vil brjotast med deg.

Hat ikkje motgangen, for motgang fører til trengsla, og trengsla verkar merkelege ting i verdi.

Millom anna hev me heng til latskap, me menneskje, men trengsla er som ein piggstav, og gjegner oss til arbeid og sedeleg høgd.

Motgang gjer oss mogen og audmjuk. Han kallar fram aalvoret; han lét oss kjenna noko av den naud som verdi kjenner, og me vidkar oss til noko meir enn berre tronge oss sjølve.

Naudi gav skaldarne deira djupaste kvæde.

Det hev einast vore gjennom mistyding og forvending, at dei store aandswerk vaks fram til folket, og dei største menn fekk staa som folksens lærarar. Eg minner um Shakespeare, Carlyle, Spinoso, Ibsen, Strindberg – og alle dei andre.

Trengsla kann me takka for alle vaare store nationale minnedagar, dei fraa 1814, og dei fraa 1905.

Og vert det sagt um maalarørsla, at ho var varm, offerviljug og sann, so er motstøda og trongrøme mykje godt skuld i det.

So det syner seg fullvel, at motgang gøymer signing.

I stadenfor at du skal mismodast i striden, sjaa paa mosen. Det er so elskeleg ein vokster; han gror jamvel paa nakne steinen, men er endaa so yverlag ven.

Og hugs på muslingen, som spinn ei perla um sandkornet som plagar honom.

X. Soli.

Eg hadde gjenge vill i natti, og myrkret skræmde og gjorde hugen min trong og rædd, men dag-minni kom til meg, og sveiv fyre meg som ein ljøske, og som ei von.

So gryr soli yver skogen um morgonen, og eg fær sjaa denne jordi her og starvar, og leiderne eg skal taka.

Og soli skjenkjer eld av breddfylt staup – drustelegt og rikelegt, og jordi drikk med nøgje. So gjev ho ungt haap til alt som liver. Men von er kraft, og krafti er fager, og kraft og fegra høyrer dagen til.

Ho maa eiga ein merkeleg tauvrespegil, soli med di ho tryllar verdi ny for mine augo kvar ævige gong ho staar upp, og slik som ho dryss med rikdom og venleik yver all maate. Ser eg ikkje at ho kantar skyerne med fargeband i gull, purpur og karmosin, skogarne gjer ho til underlege lystgardar med angande skugge, bygdeelvi blinkar som braae demant, og fjellet ris i harmoni og høgd som ein heim for gudar.

Eg ser det alt, og undrar meg glad som eit barn.

Eg for min part fatar aldri livsens opphav, men eg kjenner at livet maa ha mykje med soli aa gjera – med soli og ljuset og varmen.

Og med kjærleiken maa livet ha mykje aa gjera. Men soli er no det mest kristmilde eg kjenner.

Soli er morsvarmen for jordi vaar.

Aldri gøymer ho seg av paa øydestader og i eigen reinleik, men ho skin yver alt. Ho kjem med trøyst og varme straks myrkret og kulden hev fare hardt med oss. Og kann du nemna den smaating so ring, at soli ikkje skulde straala innhald og verd yver det?

Soli er det klaare og guddomlege, og gaar ein magtgang yver dagsbrui. Dette er me alle augnevitne til – til ei dragning mot det beste.

Ho gjev ljuset som mettar oss med lyst og hugnad, og yter all vokster.

Soli er guds vilje – soli er livet som gaar fram i sin faste ringgang – den udøyelege voni.

XI. Under stjernebrui.

Gaa ute ein kveld.

Yver deg ligg natthimmelen stor, og stjerneflokkar skjelv i fjerre dypter.
Du kann sjaa gamle Orion med beltet.

Og du ser sjustjernorne, som etter den græske segni er sju møyar sæle i høgheimen, men etter gamallkaldæisk lærdom sjølve aasen, som alt i denne solrømdi sviv um.

Om du timjer helabrauti som ei lysande bru, der hugen din kann ferdast naar han er vorten leid av aa rakla den dumbute landevegen paa jordi vaar.

Men helabrauti er i røyndi stjernemengder etter stjernemengder, og millionar soler som alle høver vislegt i heimsverket.

Gruvlande staar du her under stjernehimmlen, du som dine feder fordom. Du fornem pust av tidi som gaar, og av livet som gaar etter sine løynde méd. Du fornem krefter som arbeider, og ein megtig vilje som raader. Og du tek paa med aa tyda dei ævige ting.

Men med du staar der soleis, daa skjer det med deg det same som hende Moses og Paulus. Du høyrer røysti som ropar i øydemarki, du høyrer at livet kallar deg med høgre mæle enn nokor sinn fyrr.

Du er nok berre eit vanlegt menneskje, men endaa kjem kravi til deg, som var du ein av dei utvalde store:

Du skal søkja det fullkomne, du òg!

Di traa og von maa staa mot sann vokster!

Um du stundom i ditt gjæve kall kjenner kraftløysa, daa skal du leggja vinn paa aa vera djerv som ein holl riddar. Djervskap tyder paa høgboren aand – og du er høgboren, skal du vita.

Tenk alltid paa, at du hev det ævige yver deg. Og ver verksam og vaken som stjernehimmlen, og fast i trui som ein som hev set djupt i løyndomarne.

XII. Arbeid.

Du vinn alt med arbeid, jamvel krefter og godt mod.

Du sigrar med arbeidet, du paa din maate, liksom dei store og namngjetne paa sin.

Ihugen er halve flogvitet. Og ingen hev vorte stor utan arbeid. Alle store hev vore glupe arbeidarar.

Verdsens største bilæthoggar fekk tri rukkor som gjekk galne vegen i panna, - han fekk deim i arbeidsofse den gongen han hogg i marmor gjætarguten David, som vart konge i Jødeland.

Stordiktaren i nytdi, Goethe, han kunde fortelja, at heile hans livealder hadde vore eit einaste arbeidsstræv.

Carlyle fraa Skotland, profeten, han gjekk so langt at han sa: Work is worship, arbeid er gudstenesta. Og han livde deretter.

Du treng ikkje lesa meir av Ibsen, enn namnet – i hans eigi handskrift, og du kjenner honom som den samvitsfulle arbeidsmannen han var.

Arbeidet var òg noko av Tolstoy's evangelium, og Zola priste det som livsens største signing.

Ved arbeidet hev alt det store og megtige i verdi vorte til. Arbeidet reiste Sfingsen i ægyptarsanden, og kjempepyramiden, arbeidet grov Zueskanalen, og Bergensbana, bygde skyskraparane i New-York, men laga ogso loftsmalingarne i Sixtinske kapellet, og gav Napoleon hans krigartame.

Kunstnaren maa hava arbeidsevna likso sterkt som hugsynet og kjenslelivet. Politikaren maa eiga arbeidskrafti likso stor som han hev magthug, ærelyst og retferdssinn. Vitskapsmannen treng arbeidslaget jamsides tolmod og tvile- og vitelysti. Og me andre treng alt dette som dei hine hev – fyrst og fremst arbeidshaatten.

For arbeidet ber fram

XIII. Reins hjarta.

Søyla heng lett attved, skal du gaa eit stykke veg. Og drepende eimar stig fust i sjæli er so du maa strida bittert for deg og ditt og attaat lida urett. So du tarv daglegt gaa i djupni og vera sann, og du tarv søkja reinsingi tidt. Daa vert du sterk og fjelg, og fri til alle kantar. Og du naar det som er grunnen til all god daad.

Tenkjaren Johnson sa for mannsaldrar sidan til det engelske folket:

Reins hjarta ditt for hykling!

Noko djupare kunde han plent ikkje sagt folket sitt.

Men noko djupare og betre kann ein heller aldri faa sagt norsk folk. For det er denne ureine gjøling baade for Odin og draken, som er arvesyndi i tjodet og einmennet. Det er denne hyklingi, denne krjupingi, so me ikkje vaagar aa velja vaart merke og staa der hugheilt og fast – dette naamne, at me aldri kann hava oss gjenom den skirande elden, som heiter valet millom himmel og hel, og dermed sank reinleiken, trui og styrken.

Noko djupare og betre liveraad kann ingen gjeva deg, enn dette her:

Reins hjarta!

XIV. Eit ord um sanningi.

Reins hjarta ditt, kann eg segja; men eg kann ogso nemna same meiningi soleis: Søk sanningi, for sanningi reinsar og formar i ditt indre.

Men kva er sanning? – spurde romaren.

Og mange hev frega som honom, og altfor mange hev snuvla i dette spursmaalet, og ingen hev endaa kunna rettelegt gjeve svaret.

Men det fær no vera som det vil med det, all den stundi me heller ikkje kann tyda oss kva livet er, eller kva kjærleiken er, so lenge me daa kann kjenna sanningi som ei versensmagt – som ikkje er av denne verdi, men av Gud.

Men det kann vera mykje verdt aa verta vår i svammeren og sveimen. Ho fær nok aldri køyra i gylt karm her i denne heimen, og ho fær nok aldri lysande hovsveinar som spring seg til handar so alle maa glaapa.

Men gaar du deg inn på skogsvegen, so møter du henne gjerne – aalvorsfull og fatigmannsklædd. Og hev det daa hendt nokongong i ditt

liv, at uretten tvinga deg til aa lida for det gode skuld, so gaar no sanningi nær deg, og signar deg.

Elles – i store og gode menneskje kann du møta henne. I Kristus staa sanningi stor og mild. Sanningi var megtig i Hauge, veldigare enn i Lutter, men ogsaa livande og rik i vaar Ivar Aasen.

Men sanningi er ikkje alltid som den milde klaara. Det var stunder ho steig fram i dei store tilburdarne i folkehopen som ei ”sanning kledd i helvites eld”. I store revolutionen i Frankrike, og i den større eller mindre grunnskaking som hev kome i alle tjod eller rotne og forløgne tider – her tok sanningi paa seg helvites kyrtel, og trampa i jordi, og minte mannakrypen hardlegt at ho var til.

Men helst syner sanningi seg ovelegt tolsam.

Ho lét seg viljugt slaa paa krossen med Kristus.

Ho lét verdi brenna seg paa kyrkjemøtet i Konstans daa Johan Hus gjekk paa baalet. Og i Firenze leid ho dauden den gong at botsforkynnaren Savonarola vart brend. Og ho let seg hæda jamsides aandens blodvitne ned gjennom alle tider.

Og endaa ho dei tietusund gonger maa lida dauden og verta nedtrøtt, so kjem ho alltid friskare att. Ho er av ævigt elde. Og rett som ein maatte tru, at ho laag kald under liksteinen – braatt so teiknar ho seg i lysande eldtungor framfor store hopar. Daa kjenner mange at Guds aand gjester oss, og den høgre gleda vert me gjennomglødd av.

Naar me no rett tenkjer oss um, og tenkjer attende og tenkjer fram – so ser me i grunnen kva sanningi er.. Ja me hev røynt det òg, at sanningi er dagsglodi yver fjellrandi, ein ljostone yver denne verdi fraa den andre verdi – fraa det tridje riket.

XV.

Eit ord um venleiken.

Venleiken og sanningi gaar jamsides kvarandre som tvo tvinna traadar. Og so mykje er dei av sama arti, at fegra er sann og sanningi fager.

Men ikkje alle er so synske at dei ser venleiken, endaa han ryr paa tinden kvar skapte morgon.

Eit menneskje fær heller aldri syn paa det fagre, fyrr enn ein god engel hev anda inn paa hans auga. For det er ein sers naade, det aa eiga ope syn for det fagre i tilværet. Men ein naade som biar paa deg.

Venleiken er elles heilag, og han staa fullklaat einast framfor Odins høge stol, men hev du fenge synet, so grip du den jordiske avglansen ute i naturi og i det verksame menneskelivet.

Og det er ei lukka, at ein tarv ikkje fyrst og framst røyna vitet til aa gripa venleiken, for venleiken søkjer deg utan noko ditt verd. Venleiken er ei sjølvstendig magt, som ikkje du tarv løysa, men som utfrir og utløyser deg, fær han lov til. Og venleiken hev det visse maalet: gleda.

Ikkje berre ei slag kunstnarleg frygd, gjev det fagre deg, men sann livsgleda, beinfram høgre arbeidsgleda – større styrke. Venleiken gjev ikkje berre kvildrik æstetisk njoting, men dertil rett ut skapande, produktiv kraft.

Venleiken yter den rikaste fylla av verksamt liv, for han er harmonien og den fulle samklang av krefterne.

Og dertil er han ein blenk av det ævigt gode – anten han openberrar seg i tanke, tone, ord eller liv.

Striden som livet fører, det er i grunnen mødegangen fram til venleik – det er striden etter aa koma ut av uljodet og inn i harmonien, ut av det trengde og uheile, og inn i det frie og fullkomne.

Difyre er det òg, at me høgvyrder alle deim av vaar ætt, som midt i all liding hev kunna femnt det fagre, og heppent hev kunna vakse i venleik. Me høgvyrder desse heilage. Innfor deim nører me dei finaste røter i vaar sjæl. Og me kjenner i samværet med deim, at vaart rettelege kall er det, at me alltid skulde verta sannare, heilare og fagrare i vaart indre.

XVI.
Attersyn
(Storelvi forsegnar)

Paa einsam vidd, i vern av skorv og staalblaatt fjell,
eg livet drakk av kvite fonn og bred.
Der vinden spring dei tusund miler yver hjell,
og digtar alle slaattarne, og sine lundar kved,
der tok eg fyrste andepust og lærde syngja med.
Eg var eit lengselsbarn naar soli kvarv um kvelden,
naar stolte dyrehopen um bratte høgdi sprang
med frireiste nakkar og gull i lodne felden.
Eg gret den stund at natti kom med herleg stjernegang.

Men vill og ør av traa eg raus i dalen ned, -
i fossen sælt eg lo av eigen marm.
Men straks at skogsnes stengde leiidi utan led
eg braut med hardo – frodande – kvart bægje i min harm,
og gøyste framum stolt, av fyrste sigren varm.
For lenger maatte aai – ut mot vide vangar,
heilt ut der æva rullar mot verdsens fjerre strand.
Og røyster meg lokkar, som alt mitt minne fangar!
og tusund syn! og tusund veift av vind fraa ukjendt land –

Eg drakk av tjørn og aa so mange som eg fann,
og kjeldor sprang for meg langt djupt i jord.
Eg livsens flaum i vatsdrag slukte der eg rann,
og kjende etter kvart at krafti auka som eg fór,
og kjende viljen magna seg, og æredraumen stor.
Um livet duka graatung himmel yver verdi,
til meg bar skyer regnet som styrkte just min staum,
og varmen ell. kulden eg tok imot paa ferdi,
det lagde berre harpeljod i lengt og stride flaum.

No komen er eg langt, men ferdast gjer eg enn,
og hamrar, hjul eg driv med mogna arm
og tener livet viljugt der eg fer i grend.
Men unge ofsehugen er neddøyvt i min barm,

no tanke tanke jagar snøgg i eldfull leik og svarm.
Ei storelv vill ei alldag styrma vill og galen,
men ho vil klaar seg logna i roleg stillsam vik,
og bilætet faa av himlen yver dalen,
og gjerne bera skipi stor – som sjøve havet lik.

XVII. Heilt framme.

Lidingi og lukka fører liksom nytt blod inn i vaare aadrar, og me veks og forvandlar oss alt som tidi gaar.

Eit bil er det so, at ikkje noko i verdi kann fanga oss anna enn draum og dikt, men me veks ifraa det, og draumarne misser magti, og me ser det verkelege livet. Og umsider fær me jamvel sjaa so djupt ned i det verkelege, at me tykkjer det er den merkelegste draum me hev røynt.

Dette er nok det same som at me hev vorte vaksen, me hev naatt manndomen.

Me hev fenge synet paa det som er, og det som ikkje er. Me hev retteleg budd oss til aa bruka livet. Gjennom røynsla hev me vunne vit og vilje til aa halda dei store menneskjelege grunndrag klaare i oss, og me veit skillegt kor me sjøve stemner.

Me verdset ting og hendingar paa djupare maate, og tek sorg og gleda for det det er. Livsens gang trur me hævt um. Og av di me sjøve hev bore tunge byrdor, so elskar me medmenneskja, og ventar ei framtid for henne.

Me sannar at me staar i vern av det guddomlege. Og me sannar ogso, at for oss alle er det guddomlege openberra i venleiken, sanningi, og godleiken.

Og under himmelen av det guddomlege er luftlaget eit anna enn andre stader i verdi. Her er det forunderlegt klaart. Det er liksom at det mannavorne kjem fraa det laage og upp paa tinden – fraa det tronge djuv til det store utsyn.

Her uppe vert mannen fullferdig utmeisla til det moralsk store sjølvmenne, som er livsens maal. Her lærer han heilt aa sjaa, og heilt aa elska. Og til aller sist: Alt det motstridande i hans huglag vert fagert sameina. Han hev fenge teiknet paa, at han hev vore trufast og utvingeleg og hev magta livet.

I julenummeret til «Hallingdølen» i 1953 hadde Olav Sletto denne artikkelen om kunstmålaren Hans Brusletto frå Geilo:

HANS BRUSLETTO, ein stille kunstnar.

For «Hallingdølen» av Olav Sletto

Ein kan koma i heim etter heim i Hol, og ein ser at det heng vakre målarstykkje på veggjen. Gjerne er det noko frå høg fjellet målarjen har vilja fått fram, vatn og bergkuplar, vidt utsyn, blå himmel med fredsame skyer, kanskje og ei lysande snøbrede i fjerrom. Eller biletet kan vera eit interiør, ein ser inn i ei gamal stemningsfull hallingstugu. Eller det kan vera eit utebilete med gamle solbrende hus, små som oftast, men underleg rolege og tagalle. Spør ein kven som er meister for denne målararkunst dei har der på veggjen, svarar dei mest børge at jau det er Hans Brusletto det.

Ja, Hans Brusletto.

Denne stille varlåtne mannen har verka djupare på bygdefolket sitt, enn mange av oss har tenkt på. Han har opna augo for venleiksverdet i vår eigen dal og i høg fjellslendet me alle kjenner, dermed vekt gleda i mange over den naturherlegdom me har kring oss til dagleg, men ikkje sjølve ser alltid. Han har vekt trongi etter å pryde heimen med bilete av kunstverd, istadenfor dei billige skilderi som før diverre hadde fått inngang ... ikkje berre her i dalen, men over norsk landsbygd i det heile.

Då Hans Brusletto stod i sin ungdom, stelte han seg medvete opp som målar for folket, det var etter umtanke og fritt val. I alle år har han arbeidd ærleg og alvorleg etter sitt syn. Og usvikeleg halde fast sine mål. I grunnen har han stade både som kunstnar og folkepedagog, ein kulturvekkjar i det stille. Den gjerning han vann å gjera, er større enn storparten gauma åt so til byrjo, for han var so tilbakehalden og blug.

Målarjen Hans Brusletto er ingen sjølvlærd amatør, målingi er ingen lausleg hobby for han, men livsgjerning. Han har alvorleg studium og planlagd opplæring bak seg. Fyrst gjekk han Kunst- og handverksskulen i Oslo, so Statens Kunstakademi med lærarar slike som Christian Krogh og Halfdan Strøm. Etter det fylgde vake sjølvstendig studium av norsk kunst og norske kunstnarar, mest dei verk og dei menn som låg hans eige kynde og livsrøynsle nærast, søkte det han kjende seg i ætt med. Trottug, sjølvstendig og gløgt er vegen og i målararkunsti, ein yngre må audmjukt lære av meistrane, må nøre seg av dei med geni, eigne underleg til seg det

fullenda, for med det lærer han å setja *sanne* kunstkrav og høge mål og soleis få makt til å vika undan det lettkjøpte og motefusket. Hans Brusletto arbeidde på denne vakne sjølvstendige måten oppgjennom heile sin ungdom, og han er ein vaken studerande i sitt fag endå, ein som søker åndeleg mogning av djup indre trong.

Det er skjøneleg at Hans Brusletto kjende seg tidleg dregen mot han som *har* vore og framleis *er* meisteren i norsk landskapsmåling, I. C. Dahl. Ikkje minst i måling av høgfjellet er Dahl so stor at til dato har ingen norsk målar nådd jamsides. Hans Brusletto må alt tidleg ha visst at han var fødd og boren til å tolke høgfjellet, og so fylgjer han instinktet sitt, og vender auga og hug mot meisteren Dahl, ingen kunde vera meir mognande for han som landskapsmålar enn nettopp Dahl.

Men Hans Brusletto søkte modig og til andre fleire av dei eldre store. Ja, han gjorde det som var kav ulovleg for unge målarar, den tid han gjekk akademiet, han søkte jamvel til Adolf Tidemand som *skulde* vera død og graven. Han må ha visst ... eller var det umedvete? ... at han sjølv er ein realistisk romantikkar, og han vågde å vera den han var. Den stillsame Hans Brusletto var djerv nok, han vågde å vera den han sjølv var, endå han hørde sagt at det var heller gamaldags og ulovleg. Men Hans var no Hans ... han vilde måle som han sjølv vilde og best forstod, og so kunde han nøre seg på *mange* kantar. Nøre seg av naturalistar som Christian Krogh, nøre seg av fargeglade realistar som Halfdan Strøm, av den fine og romantisk lagde natur- og folkelivsskildrar Werenskiold. I det heile kjende Hans Brusletto seg mest dregen til desse skapande kunstnarar som ein kan kalle adelsmennene i norsk målarkunst. Han søkte dei som med geni og smak og ålvorleg arbeid hadde nådd den store kunst, og han var stor nok til å vera audmjuk framfor dei store.

Hans Brusletto kunde ikkje *med* all notids eksperimentering i ismer og alle desse «originale» kunst-teoriar. Han kjende det slik at alt dette hadde ikkje stort med sann kunst å gjera. Han vart ein still motstandar, men sa ikkje eit ord til last ... han berre rusla og måla, han. Han vilde fortelja sine bygdefolk at jordi var ikkje so reint lite av eit himmerik, berre me hadde augo til å sjå det.

Stille og kontemplativ sveiv han der i dalen og på sine fjell. Fanga inn alle årsens tider, skar til talande motiv og pensla ut sine bilete. Reklame er eit ukjent ord for Hans Brusletto, visste dei um han, var det bra, visste dei ikkje um at han var til, so var det ikkje noko å segja på det heller. Men bilete hans spreidde seg både aust og vest og nord og sør likevel.

Då han var det me kallar yngre målar, nytta han gjerne det meir døyvde fargespel i bilete sine. Det var ålvoret i naturi han kjende sterkast, det vilde han ha fram. Han var ung og ålvorleg, sterkast i ungdomen, so lysnar dei etter som åri og livet går. Slik har det visseleg vore med Hans Brusletto og. Me ser at bilete hans fær meir lysande fargar, meir høgtideleg glede etter femti-årsalder.

Han er ikkje den einaste målaren som har havt denne vokstergang, me kan gripe det næraste døme, Halfdan Strøm, for han og fekk lysare fargesyn då han vart eldre. Men um Strøm gjekk til djervare og rikare koloritt, var han like sann realist for det. Sameleis med Hans Brusletto, det er kome meir fargeglede i bilete hans dei seinste år, men med det vart han sannare naturskildrar enn han var i byrjo. Ein kunne tru at Hans Brusletto har både granska og forstade ein so fargeglad kunstnar som Torvald Erichsen, kanskje til og med vorte var ein av dei rett unge, Kai Fjeld ... som har fått fargekjensla si stemt av norsk bondemåling. Stutt sagt: Hans Brusletto har havt ein vokster frå det døkkare ålvor i sine bilete til noko lysare, djervare og gladare. Men han er og vil alltid bli ein realistisk romantikkar. Og alltid bli skjøneleg for bygdefolket. Alltid stå både som kunstnar og folkepædagog.

II.

Det er den frie, storvorne og djervt einsame natur Hans Brusletto likar å måle, der hentar han motiv som tidast: Fjell lyfter seg plastisk inne i biletet, monumentale byggverk, snart er dei storlina og einfelde i arkitekturen, snart i utruleg fantasiboren formrikdom. Han legg inn i biletet det romslege og vide, ofte med eitt eller anna tankefullt vatn, ofte er det ein bekk som glid blank og spelande millom steinar og svad, og dvergbjørki og rabberiset og moseteppet fylgjer med, det er sumar i fjellet. Over det heile ein mangfløkt og skiftande vev av fargar, skuggar. Lysflekkjer, men ein vidunderleg harmoni rår det alt. Bileti hans gjev tokken av mektig ro, men der er rikt levande liv og veldige hugsyner inne i denne ro, der er til og med varme.

Likso tolkande og rikt han målar sumarfjell og høgfjellsvatn, likso fintmerkande og aningsdjupt målar han vinterviddene og snølendet, snart i full sol, snart med eit dirrande lys som drøymer bak fjellreset eller bak bjørkeholtet. Hans Brusletto er ein intim naturskildrar. Og det kan han vera, fordi han eig eit poetisk sinn og kan fanga sjeli i landskapet. Set han inn i biletet ein dyrefigur eller ein menneskefigur, er det for å gjera klårare grunnstemningi i landskapet, har i so måte same tankegangen

som I. C. Dahl og dei store hollandske landskapsmålarane. Det er som det gjeld for Hans Brusletto å få sagt oss at dette fjellriket er ikkje berre rom og vidder og siglande veldige skarv og toppar, men her lever eit liv so sjølsagt og varmt og rikt som nokon stad i verdi. For det synberre og det løynde liv i høglandet kjenner Hans Brusletto som få.

Vel han interiøret, t.d. fører oss inn i ei gamal hallingstugu, er det med same varsemnd og sjåande auga. Han skildrar det han ser, og han ser endelaust mykje, heil-lys og halv-lys, fargar, skuggar, stolar, bord og skåp som lever sitt liv. Det kan vera at ein solstråle spelar inn glaset og gjer små under, eller soli skin på bakken utanfor opne døri, det lagar motsetnad og liv. Det gjeld so mykje for Hans Brusletto at me kan kjenne stemningi i slik ei kulturfaste ... frå ei tid folket hadde vaknare kunsthug enn no, ei tid som hadde større ro.

Det er kan hende sume som vil kalle kunsti til Hans Brusletto gamaldags, men dei veit vel ikkje heilt kva dei meiner, og det er so lett å prate etter notar, mange nok trur det siste skrik er det beste og i kunsti. Her er det Henrik Rytter sa eit sant og fullgyldig ord, han skreiv det i eit brev til Hans Brusletto 1947: «De hev lært meg den dyre læra», skriv han i brevet ...«den eg elles skulde kjenne frå mitt eige kunst-slag, at i kunstriket gjeld ikkje tid eller stad, der gjeld den strenge lovi: ukunst eller kunst, ubundne av skiftande syn og måtar.» Dette er so sant som det er sagt. Og det botnar i same synet då forfattaren O. Lie Singdahlsen skreiv den skjøn-same artikkelen um målaren Hans Brusletto i «Nationen» for nokre år sidan.

Hans Brusletto har rett nok valt Hol fyrst og fremst til arbeidsmark og ynskjer å gje kunsti si til eigi bygdefolk, men det har ikkje meinka anna bileti hans har nådd langt utover landet, sumt jamvel utum landet. Det heng bilete av han i dag både i Sverige, Danmark, Tyskland, England og Amerika. Han har heller ikkje måla berre landskap. Når bygdi bed han, hjelper han gjerne til med andre slag av bilete, soleis har han måla altartavla i Hols nye kyrkje og eit bilete med bibel-motiv til menigheits-uset. Han måla vakker fane til ungdomslaget Samhald. Um oppgåvone er små eller store, han tek dei med samvetsfullt ålvor, gled seg i dei, og gjer sitt beste.

Han er ein stillsam mann, Hans Brusletto, men ein samla mann ... og difor sterk. Han har vunne å gjera mykje i desse saktferdelege arbeidsår som har gått. Ordet reklame kjenner han ikkje, og er av dei som helst gøymer seg burt ... men diverre han gjer for mykje av det, og det meiner

eg er ulovleg. Ein kunstnar har plikt både for andre og eigen del at han kunngr seg sopass, at folket anar nokolunde at han arbeider med verde som vedkjem alle og tenar alle.



Hans Brusletto i arbeid.

Då Olav Sletto fylte 70 år hadde Lars S. Strand denne artikkelen i «Hallingdølen» 16.juni 1956:

FYRSTE HALLINGEN MELLOM DIKTARHOVDINGAR.

Hallingdal har vore fatig på diktarar. Kva som er årsaka kan vera vanskeleg å svara på. Kunstnartrongen har til vanleg gjeve utslag på mange andre omkverve enn nett dikting. Dalen har sakna ei stor diktarsjel som har greidd å nøra folkehugen, skapa rom og gje trygt grunnlag for diktarfantasiaen. Diktinga har vanta tradisjon.

Større er derfor gleda då ei diktarsjel endeleg har sprunge fram, som ein oase midt i ei øydemark, og fylt til overmål eit tomrom i bygdekulturen. Olav Sletto er mannen. Han står åleine, ruver vidt og høgt som eit fjell. Fyrste og einaste diktarhovdingen i Hallingdal. Namnet hans lyser langt utanom dalen, over heile Norges land, og endå lenger.

Han har nådd 70 år. Vi kan skoda over mykje av livsverket til mannen. Det fyller oss med age. Vi ser dikteren som gut heime hjå besteforeldra i Hol, der han vaks opp. Han vart tidleg vaksen mellom dei vaksne. Guten hadde ein umettande hunger etter bøker, helst av og om gamle store meistrar. Umedvete låg spira til diktarkallet i barnesjela. Dagbøker var det fyrste han skreiv. I ei av desse gamle, gøynde dagbøkene står det: «Elleve år i dag. I går kveld las eg ut Bibelen. Far hennar gomme les Bibelen før han var tretti. Men han bruka tre år han. Eg klara det på eitt år.»

Barne- og ungdomshugen var fylt av draum og lengt. Han vart trollbunden av dikting og målarkunst, og dei store klassiske meistrane var ideal. Filosofien førde han inn i mektig og grenselaus tankeverd. Han lærde seg opp til å setja høge og fjerne mål. Då den unge mannen valde læraryrket, og fann harmoni i folkehøgskuleanda, hadde han gjort eit val for livet – men han sveik ikkje dikteren i seg sjølv.

Han fekk høve til å koma ut i verda og sjå mange av dei store underverka. Han skreiv historisk-religiøse romanar, strengt litterære, fylt av gamal tid og ånd. Etter kvart som mannen mogna, bar livstreet hans nye frukter. Hugen vende seg atter til heimlege tufter, han søkte innerter til seg sjølv, til det sjølvopplevde og sjølvroynde. Full av røynsle vende han tilbake til si eiga verd. Kvardagsmenneske frå heimbygda såg han i nytt perspektiv. Ein trong ikkje søkja kyrkjjesoga for å finna store personleg-

domar. Med ei varleg og underleg evne gjorde han det kvardagslege til diktarverk. Roleg pusta han evig liv i det jordnære, løyste den indre spaning i livsfylte menneske. Med eit vidt utsyn dikta han om bygdefolket, og tonane var kjende og vann gjenklang.

Livsverket til Olav Sletto fram til i dag er det heilt uråd å få fram i ein liten artikkel. Eit stutt samandrag i leksikonstil blir resultatet. Sletto gjekk vegen om lærarskulen, var på Askov folkehøgskole i Danmark og på Danske Stats Lærerhøgskole i København. Ved fleire universitet studerte han historie, kunsthistorie, psykologi, etikk m.m. Han har vore fleire turar i utlandet.

I 23 år har Sletto vore folkehøgskulestyrar. Frå 1917 var han lærar ved Buskerud Folkehøgskule. Romerike Folkehøgskule styrde han i tida 1923-1929, og han la ned eit stort arbeid for skulen. Sist var han styrar ved Akershus nye ungdomsskule, Sørumsand. I 1940 slutta han som folkehøgskulestyrar av helseomsyn. Han har hatt vel 2000 elevar, gutar og jenter i vaksen alder. Sletto er ein framifrå talar, og han auser av ei stor kunnskapsmengd. Han har halde over 3000 offentlege foredrag rundt om i landet.

Sletto har vore ein produktiv forfattar, som har skrive nær 50 bøker. Han har gjeve ut aforismer og essays, ei rekke «hugsyn» med emne frå norrøn mytologi, historisk-religiøse romanar, skodespel, barndoms-skildringar og romanar frå bygdelivet.

....

Kva seier så Sletto om tida som aldri mannen. I «Boki um Olver» står det: «Tidshjulet er eit gåtefullt hjul, mannahand har ikkje sett det i gang, kan heller ikkje stanse det. Tidshjulet er nok det einaste hjul som teknikken vår ikkje rår med. Dermed går åri fram med ei veldig ro bak all uro og blir ufatteleg for oss krypane.» Om alderen seier han: «Ein mann på sjuogseksti er ingen gamal mann. Fyrst når han stig inn i sytti, går han over i alderdomen, ... og det gjeld ikkje for alle det heller. Mange med sytti år på herdane fær just då ein ny ungdom. Dei fær ei siste og avgjerande ungdomstid, ei vis og vidsynt ungdomstid.»

Vi trur dette er rett, og at Sletto får ungdomskraft til å fullføra livsverket sitt, for enno står ugjorde ting att. Vi ynskjer dikteren vår hjarteleg til lykke med dagen og dei år som kjem.

Lars Tormodsgard refererer i «Hallingdølen» frå den store 70-årsfesten. Lars Reinton heldt hovudtalen, og det var helsingar frå kommunen ved ordførar Osvald Medhus, frå slekta ved Tomas Lien, frå ålingar ved Ola Perstølen, frå Buskerud Mållag og Norges Mållag ved Svein Nestegard, frå den frilynde ungdomen ved Einar Tufte, frå taleringen ved Kristian Ødegård – og mange fleire.

Til slutt fekk dikteren sjølv ordet. Me tek med siste delen av Tormodsgard sitt referat:

«Til slutt fekk jubilanten sjølv ordet. Han takka for all ære som var vist han, og for den skjønsemd og velvilje han hadde møtt i bygda. «Noko av det eg er mest glad for, er at eg ikkje er ein diktar i opposisjon til bygda», sa jubilanten. Han var mest forundra då han hørde nemnt kor mykje han hadde skrive. Alt som var gjort, var så langt unna.

«Alle mine tankar er konsentrerte i det eg no arbeider med, og det eg har tenkt å arbeida med i framtida». Han kalla fram i minnet fleire av dei mest kjende diktarane våre som han hadde lært å kjenna. Mange av desse var borte. No skjønna han at han hadde levt lenge, endå det kjendest ut som livet så vidt hadde teke til. Han takka venene gjennom alle år og som hadde vore til god stønad så mang ein gong.

«Eg er glad for at eg fekk veksa opp med Hallingskarvet for auga», sa Sletto. «Det eg ville freista, var å reisa Hallingskarvet åndeleg. Hallingdal har vore med i all mi dikting».

Livet hadde laga seg så merkeleg. Det hadde nok vore motgang, men motgangen hadde alltid vist seg å bli til medgang. Når Geilo i dag utan tvil er den staden i dalen der dei kulturelle interessene er størst, har sikkert Olav Sletto ein god del av æra for det. Etter han flytta til Geilo, har han teke aktivt del i kulturelt arbeid på staden. Han har og hatt gode krefter med seg. Denne sterke interessa er m.a. den tvers igjennom stilfulle festen eit godt prov på, der folk i alle aldrar innafor ei så festleg opplagd råme, møttest for å gje dikteren og kulturhovdingen Olav Sletto den hyldinga på 70-årsdagen.

Det samla sluttinntrykket av det festlege samværet var, at *her er ein diktar på bylgjelengd med sine sambygdingar*».

FALKBERGET HELSAR SLETTO.

På 70-årsdagen i 1956 fekk Olav Sletto denne helsinga frå Johan Falkberget:

«Vi har møtt hverandre bare en gang i livet, på Bondeheimen for snart en mannsalder siden, og jeg minnes Deg godt fra den gangen.

Du gjorde et sterkt og vakkert inntrykk på meg, siden har jeg møtt Deg på mange vis. Du har alltid vært tilstede i norsk åndsliv og folkeopplysning.

Den store og uforbeholdne anerkjennelse som i denne tiden har strømmet mot Deg, vil sette merke i vår historie, et lysende tegn, ved siden av Ole Vig, Anders Reitan, hvis arvtaker Du er, bare kledd i litt andre klær, men tanken og gjerningen er ens. Dine evner blev flere enn deres, og Ditt arbeidsfelt fikk en videre radius.

Jeg vil takke deg varmt og oppriktig i fedrelandets navn for all din gjerning. Du skulle ennå ha en dryg arbeidsdag att, det under både landet og Gud deg, store samtidige!

Din Johan Falkberget.»



Olav Sletto var ein glimrande talar. Her er eit utdrag av talen han held ved avdukinga av minnesteinen over Henrik Rytter på «Rytterhaugen» i Ustedalen i 1952:

HENRIK RYTTER OG USTEDALEN.

Då Henrik Rytter slo seg ned her i Ustedalen, var han ikkje heilt ung lenger og heller ingen ukjend mann.

Han hadde havt sitt oppvekstre og si fyrste arbeidstid på nordvestlandet, etter det levt mange år i og kring Oslo. Han hadde vunne seg eit namn som diktar og som medarbeidar i dagspresse og tidsskrift, og som talar ikkje minst. Og hatt siger med umsetjingar til nynorsk av storverk frå europeisk bokheim. Det var denne mannen som kom til Ustedalen, og vart verande her, fann arbeidsro her, og grodde fast her.

Det synte seg at Ustedalen hadde noko åndeleg å gje Rytter, samstundes som Rytter i høg mun hadde noko å gje ustedølene. Ustedalen hadde vel fyrst og framst sitt å gje med sin faste bondekultur og sitt harmoniske bygdeliv og ein vakker natur. Men det hadde og noko serleg å gje dikteren og målkjennaren Rytter i sitt rike og reine bygdemål. Det er no eingong slik at bygdi her har eit målføre som må glede ein målkunstnar som Henrik Rytter, det er i formverk eitt av dei eldste og beste bygdemål i Hallingdal, og det er vyrdsla i samtalekunst og forteljing av eit folkeslag som høyrer godt og veit å gje talemålet sitt rikdom, til og med klang. At dette var ein kveik for målkunstnaren Rytter, det var han sjølv merksam på, og han nemnde det ofte.

Men Rytter hadde no meir å gje Ustedalen, enn Ustedalen kunne gje han. Og det vil aldri bli gløymt! Det var ei lukke for dette vesle bygdesamfundet at Rytter vart bygdemann her, og det ser ustedølene: Han var ein so rik personlegdom, dertil eit overskotsmenneske og med sers gjevnad og trong til å vera medmenneske med alle. Difor kjende han alle her, og tala med alle, var i heimane og med folket både i fest og kvardag. Han hadde meir enn vanleg godt lag til å samtala med alle slag folk, og hadde meir enn vanleg av kunnskap og tankar å dele ut soleis muntleg. Difor gjekk han her som ein åndeleg sâmann i alle år. Og han var sâmann på veg og stig, i hus og heim og heilt u-høgtideleg. Han var sâmann frå talarstolen ikkje minst, det er knapt tal på alle dei foredrag han heldt i Ustedalen.

Han tolka synene i Voluspå og visdomen i Håvamål med same mot. Og so gav han utsyner i norsk historie for dei unge, teikna med innleving åndelege kampar og gjennombrot. Han stod i ungdomslaget og gav historisk utgreiding um ungdomsrørsla, so ungdomen skulle veta kva han var med på. Han stod i høgskuleringen og greina ut folkehøgskulen sin tanke og arbeidsmåte. Det hende han ikkje veik tilbake for å ta rein historisk-filosofisk utgreiding um dette han kalla Europa-ånda og dette han kalla den norrøne line. Um då ustedølene forstod han heilt til alle tider kan vera på det uvisse kanskje, men i alle fall eitt er visst: folk var tekne av det han sa, dei vilde gjerne høyre han, han hadde jamt stor forsamling til sine foredrag, to-tre hundre til vanleg. Han tenkte aldri på å gå ned til folket, som det heiter. Men folket gjekk upp til han, det er det rare. Og det må vera sagt at Henrik Rytter som folkelærer her i Ustedalen arbeidde i større stil enn litteraturvenene hans i hovudstaden kjende til.

Rytter hadde ei god arbeidstid her i Ustedalen ogso når det galdt litterære oppgåvor: Her gjorde han det meste med umsetjingi av Shakespeare, og her gjorde han ferdig umsetjingi til nynorsk av Dantes Divina Comedia. Her umdikta han Ibsens Per Gynt til nynorsk, her skreiv han si siste samling dikt, som kom i bok etter han var død. Og her uppe arbeidde han ut foredrag som han sidan heldt i Oslo eller andre stader – og artiklar som var utførlege litteraturstudier ofte. Det var med andre ord ei trottug og ustanseleg arbeidstid for Rytter her i Ustedalen.

Men noko som gled ustedølene framum alt var den tingen at han vart so eitt med dalen og kjende seg so heime her, at han tok dalen inn i diktingi si. Me finn att landskapet her – med fjorden, elvi, lidene og fjellet – finn det att som vakre og godt utarbeidde dikt. T.d. skreiv han i 1949 diktet «Vinternatt på vidda», og det er storfelddt og åndfull skildring av snøviddene under stjernehimmel som ustedølene kjennest ved, samstundes lyfter diktet fram dei djupaste spørsmål um menneskelivet og menneskelagnaden. Han skreiv diktet «Buskapen kveldar», eit målarstykke må ein nærast kalle det, eit ekte Ustedalsbilete. Men det han vil tolka er den fredshelg det blir når menneske, dyr og natur står i full sameining. Det er eit lyrisk stemt bilete av Ustedalsstøl og sumarkveld, men dertil noko meir: det er ei minning um det paradiset som har gått tapt for oss moderne menneske i dag. Eller eg kan nemne vârdiktet «Bjørki i skogbandet», her kan ustedølene kjenne att høgâsen ovanfor Tufto. Det er ei meisterleg måling av vârløysingi i Ustedalen, men samstundes med det er det ei plastisk dramatisk framstilling av livsviljen

– livsviljen som kjempar og som sigrar. Her lyfter Rytter dette lokale naturbilete so høgt upp at det blir heilt ålmenmenneskeleg. Eller tek me diktet «Årelden», so ser me ei kveldstemning innafrå stugu på Rytterhaugen, og det er ei tolleg realistisk måling med peislys og skugge og mange nære ting som dukkar fram or halvljosken, nesten Rembrandtsk i stemning.

Men frå dette inngrensa går tanken utover, og det blir profetisk utsyn til Europas åndelege kall, og til Europas syndefall som naudsynt må føre til krise, men han spår at krisen vil bli ei reisingsskrise og ende i ny oppreising for Europaånda.



Henrik Rytter



LYDBOKA "PER SJØL"

Olav Sletto-selskapet har som ei av sine oppgåver å gjera diktninga til Hallingdals store forfattar, Olav Sletto, betre kjent. Som ein del av dette arbeidet har vi no fått gjeve ut boka "Per Sjøl" som lydbok, bygd på opplesingsserien som gjekk i Radio Hallingdal.

Lydboka er på 6 CD'ar og kostar i bokhandelen 250 kroner.

Medlemmer av Olav Sletto-selskapet får tilbod om å kjøpe av lydboka for kr. 200,-, fritt tilsendt.

Tinging kan skje pr skjermbrev til adresse a-ot-sko@online.no, pr brev til Olav Sletto-selskapet, Høgehaugvegen 11, 3576 Hol eller på telefon nr 32 08 91 65 eller 414 38 165.



ÅRSMELDING 2009 (for tidsrommet 14/6-2008 – 20/6-2009)

Styret i Olav Sletto-selskapet har dette året vore samansett slik: Styreleiar Arne Skogheim, nestleiar Turid Birgit Lien, styremedlemer Kåre Olav Solhjell, Kaare Wensaas og Per Lilleslett. Varamedlemer Evalill Sletto, Eli Sælid og Maria Søndrål.

Rekneskapen har som tidlegare år vore ført av Ola Ruud. Revisorar Osvald Medhus og Jan Robert Wick. Valnemnd har vore Knut Medhus (leiar) og Knut Øyvind Skaro.

Pr. 10/5-2009 har laget 82 betalande medlemer. 9 medlemer har ikkje betalt medlemspengane pr. 10/5.

Det er dette året berre halde eitt styremøte omframt årsmøtet som vart halde 14.juni 2008. Storparten av innhaldet av årsheftet for 2008 hadde brevvekslinga mellom Alf Larsen og Olav Sletto som tema. På årsmøtet heldt leiaren i Alf Larsens Litterære Stiftelse, Ragnar Ytrehus eit særst interessant kåseri om Alf Larsen og om arbeidet som blir gjort i stiftelsen. Han gav oss fleire tips om arkivarbeid og teikna eit fint portrett av Alf Larsen.

Aktivitetane dette arbeidsåret har vore konsentrert om utgjeving av lydboka "Per Sjøøl" og om det vidare arkivarbeidet av Sletto-samlinga i Hol bygdearkiv. Kåre Olav Solhjell vil fortelja om katalogiseringa av Sletto-arkivet på årsmøtet 2009.

Tor-Magne Hallibakken gjorde eit framifrå redigeringsarbeid med lydboka, og han tok også på seg produksjonen av dei 100 eksemplar som vart laga då tilbodet frå dei større lydbokprodusentane vart noko for kostbart for oss. Olav Randen laga eit fint omslag kostnadsfritt for oss. Med eit kommunalt prosjekttilskot på 15.000 kroner og eit relativt godt sal av lydboka, syner rekneskapen for lydbokprosjektet eit overskot på kr.4593,75 pr. 25/4-09. Då har ein ikkje fått oppgjør for eit eventuelt sal på Notabene, Geilo. Restopplaget av lydboka er no 31 bøker, men frå dette talet går det som skal "pliktleverast" til registeret i Mo i Rana.

Hol Sparebank har også dette året gjeve selskapet eit godt tilskot på 3500 kroner. Det meste av dette blir brukt til å finansiera Årsheftet 2009. Vi takkar og Nynorsk Antikvariat for lysing i årsheftet. Dette året har vi vald å ta inn i årsheftet heile boka "Smaaord" av Olav Sletto, slik ho var trykt i 1912 på Sletto sitt eige forlag, Ringen forlag.

Hol, den 20.juni 2009.

Styret i Olav Sletto-selskapet

Arne Skogheim Turid Birgit Lien Kåre Olav Solhjell Kaare Wensaas Per Lilleslett



Olav Sletto-selskapet vart skipa i diktaren si heimbygd, Hol, den 3.mars 2001.

Vedtektene seier at selskapet er eit landsfemnande selskap av einskildpersonar, organisasjonar, skular, verksemder, institusjonar, kommunar og fylkeskommunar.

FØREMÅLET med selskapet er å styrke interessa for Olav Sletto sitt forfattarskap.

Dette skal gjerast m.a. ved

- å sjå til at Olav Sletto sine bøker vert gjort tilgjengelig for ålmenta
- å leggja til rette for auka bruk av Olav Sletto sin litteratur i skuleverket
- å medverka til at lydopptak med Olav Sletto vert teke vare på og nytta
- å arbeide for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnaren og hans produksjon
- å arrangera foredrag, seminar, kurs og ekskursjonar m.v.
- å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Hol bibliotek
- å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etterlatne manuskript, brev m.v.

Adressa til selskapet er Høgehaugvegen 11, 3576 HOL.

Du finn meir stoff om selskapet på www.olavslettoselskapet.no

Dette årshfte er utgjeve med støtte frå:



NYNORSK 
ANTIQUIARIAT
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11
4900 Tvedestrand
Telefon: 37 16 66 66 - faks 37 16 30 00
E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvarbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland
E-post: Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no
Mobil: 928 29 098

og

HOL  **SPAREBANK**
-med service i sentrum

Telefon: 32 08 70 20 - Telefaks: 32 08 70 21

www.hol-sparebank.no

firmapost@hol-sparebank.no